

Eigenvurderingsskjema – fyllast ut av kommunen som barnehagemyndigheit

Kommunen som barnehagemyndigheit				
Heimels grunnlag Barnehagelova	Spørsmål som skal vurderast og svarast på	Ja/ Nei	Kommunen sin vurdering av eigen situasjon – grunngeving for svar i førre kolonne	Dokumentasjon, hendingar, skildring som kan stadfeste/ underbygge svara
Kunnskapsgrunnlag, jf. barnehagelova §§ 8 jf. 16	1. Har kommunens som barnehagemyndigheit kjennskap til barnehagar dei skal rettleie og føre tilsyn med?	Ja	Barnehagefagleg rådgeving meiner å ha god kjennskap til barnehagane. Denne kjennskapen byggjer på lang erfaring og samarbeid med sektoren, men og på meir strukturelle og rutinemessige kontroller og møter.	Vedlegg 1,5,10,20,24,samlingar og tilsyn.
	2. Har barnehagemyndigheita kjennskap til dei lovkrav den fører tilsyn med?	Ja	Barnehageloven er loven som styrer barnehagemyndigheten sine oppgåver. Dette er eit stort område der ein heile tida har som mål å verte betre på systematisk arbeid.	Vedlegg 10.
	3. Har barnehagemyndigheita tilstrekkeleg kunnskap om barnehagane til å vurdere behov for rettleiing og tilsyn?	Etter beste skjøn : ja.	Kommunen har system der faktiske opplysningar er henta inn. Desse kan gje grunnlag for risikovurdering. Risikovurderinga vil kunne gje grunnlag for rettleiing eller tilsyn. Desse dokumenta er : godkjenningar, årsplanar, årsmelding. Opptak system med barneregister. Faste møter og dialog på telefon og mail gjev og kunnskap, og løypande kjennskap til sektoren. Dersom det oppstår situasjonar, eller kjem inn meldingar om saker vil desse verte notert og vurdert. Det er viktig at ein heile tida hentar inn ny	Døme: Kommunen har hatt foreldreundersøking i alle barnehagane i vår. Erfaringa frå denne er at det er høve å ha møte med heile sektoren og deretter med kvar barnehage om resultat. På den måten får kommunen ny informasjon som både gjev kunnskap om felles systematisk kvalitetsarbeid, rettleiing og evt. områder for tilsyn.

			kunnskap. For framtida vil ein rette fokus mot nettopp tilsyn og rettleiing meir dokumentert ut frå konkret dokumentert risikovurdering. Vi arbeidar med å få på plass kvalitetssystem i kommunen for alle teneste områda. Rettleiing ver gjeve både felles men og individuelt for kvar barnehage når saker dukkar opp. Dette vert kanskje ikkje alltid godt nok dokumentert.	
	4. Brukar barnehagemyndigheita denne kunnskapen for å vurdere behov for rettleiing eller tilsyn?	Ja	Sjå over.	
Bruk av verkemiddel jf. barnehagelova § 8	5. Gjennomfører barnehagemyndigheita rettleiing og tilsyn som svarar til behovet, jf. pkt 4?	Ja.	Barnehagane får varsel om tilsyn, og må sende inn dokument i forkant. Dersom det dukkar opp spørsmål om drifta, vil kommunen kunne gje rettleiing til barnehagane. Barnehagane kan og ta kontakt med kommunen og be om rettleiing. Bruk av verkemidlar som stenging/ økonomiske reaksjonsmidlar har ikkje vore nytta.	Sjå heimesida til Meland kommune/teneste/ barnehagar.
Kommunen som tilsynsmyndighet				
Delegasjon av tilsynsmyndighet jf. kommuneloven § 6 generelle regler om delegasjon	6. Er myndighet til å gjennomføre tilsyn delegert frå kommunestyret til det organet i kommunen (eller anna kommune ved interkommunalt samarbeid) som gjennomfører tilsynet?	Ja	Kommunen har tilsynsplan som føl politisk periode.	Sjå delegasjonsreglement vedlegg 2, 3, og vedlegg 10 og 11.
Kommunens tilsynsverksemd, jf.	7. Sikrar barnehagemyndigheita likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar	Ja	Kommunen samarbeider med andre kommunar med tilsyn. Det er alltid med ekstern tilsynsførar frå anna kommune på alle	Sjå vedlegg: 10 og 11 og 16,17,18,19. (Plan for tilsyn og rapportar frå stadleg tilsyn.)

§§ 8 jf. 16	ved tilsyn?		stadlege tilsyn.	
	8. Hentar barnehagemyndigheita inn informasjon i tilsynet som gjer den i stand til å vurdere lovkrava?	Ja	Barnehagane sender inn dokument før tilsynet vert utført.	Vedlegg 10.
	9. Vurderer og konkluderer barnehagemyndigheita om praksis er lovleg/ikkje lovleg i tilsynet?	Ja	Etter tilsynsmøte ved stadleg tilsyn, vert vurdering	Vedlegg : div.Tilsynsrapporter.16,17,18,19.
	10. Følgjer barnehagemyndigheita opp at tiltak for å rette lovbrøt vert sett i verk? Korleis?		Ikkje relevant. Dei siste tilsyna har ikkje hatt lovbrøt. Men dersom dette hadde vore avdekka lovbrøt ville sjekklista vore aktuell for å lukke tilsyn med lovbrøt.	Sjå vedlagt sjekkliste.Vedlegg.27 og vedlegg 1.
	11. Følgjer barnehagemyndigheita opp at lovbrøt blir retta?	Ja	Som over.	
Kommunen sin bruk av reaksjonar				
Kommunens bruk av reaksjonar, jf. § 16	12. Vert pålegg om retting berre gitt der barnehagemyndigheita har konkludert med at eit tilhøve er ulovleg eller uforsvarleg?	Ja	Når tilsynet gjeld på eit spesielt område er dette praksis i høve tilsynsrapporten. Det vert gjeve tilbod om rettleiing til barnehagen når ein ser at dette kan være naudsynt, for å forbetre praksis eller dersom barnehagen ynskjer det. Dersom ein under tilsynet ser at tilhøve på andre områder ikkje er i tråd med loven kan dette gje grunnlag for nytt tilsyn, med eit direkte varsel / sanksjon på staden.	Sjå vedlegg 16,17,18.19.
	13. Vert stenging berre nytta som reaksjon der pålegg om retting ikkje vert følgd, eller der tilhøva ikkje lar seg rette?		Vi har ikkje hatt stenging som reaksjon i høve tilsyn. Det kan sjølvstøtt vere aktuelt å vurdere å stenge barnehagar dersom det er kritiske tilhøve.	
	14. Sender kommunen vedtak om	Ja.	Dersom dette var aktuelt, ville kommunen	

	stenging til fylkesmannen for orientering?		gjere dette.	
Forvaltningslova § 16 og kap. V	15. Sender kommunen førehandsvarsel om pålegg om retting og stenging?	Ja.	Vi føl forvaltningsloven dersom saker som gjeld pålegg om retting og stenging oppstår.	Førehandsvarsel er i utgangspunktet praksis, dersom det ikkje er særskilde tilhøve som gjer at dette ikkje kan verte nytta.
	16. Inneheld varsel om pålegg om retting eller stenging: a. Rettsleg grunnlag for pålegg? b. Faktisk grunnlag for pålegg? c. Kommunen si vurdering av faktiske forhold opp mot rettslege krav? d. Klage tilgang? e. Klagefrist? f. Klageinstans? g. Framgangsmåte ved klage? h. Opplysningar om å sjå dokumentasjon i saka? i. Opplysningar som gir høve til utsett iverksetting?	Ja	Kommunen føl dei reglane som gjeld ved pålegg om retting eller stenging. Meland kommune vil freiste å nytte veiledning for å endre tilhøve til det betre før sanksjonar som stenging vert nytta. (Merknder§16.)	

Kommunen som godkjenningsmyndigheit

Barnehagelova §§ 8 og 10 jf. §§ 1, 1a og 2	17. Har kommunen rutine for godkjenning som gir lik behandling av kommunal og ikkje-kommunal barnehage?	Ja	Samarbeid med andre instansar (Miljøretta helse, Brannvesen, Teknisk etat) er utgangspunkt før endeleg godkjenningsvedtak etter Barnehageloven vert skrevet.	Vedlegg 3, 4,7,.
	18. Vurderer kommunen om barnehagen er eigna ut frå formål og innhald §§ 1, 1a og 2?	Ja	Dokumentert praksis for godkjenningsprosessar i høve gamle godkjenningar er noko dårleg. Det har alltid vore samarbeid mellom ulike instansar med synfaringar og møter før endelig godkjenningsvedtak vart skrevet. Ny praksis i høve godkjenningsvedtak er etablert.	Vedlegg 6. Drømmehagen barnehage. Vedlegg 7.
	19. Kontrollerer kommunen at barnehagen er godkjent etter anna lovverk? a. Miljøretta helsevern? b. Arbeidsmiljølov? c. Brannvern. d. Byggforskrift?	Ja	Som over	Sjå vedlegg .2,3,6.
	20. Tek kommunen omsyn til vilkår sett av andre myndigheiter i si vurdering om barnehagen skal godkjennast?	Ja	Samarbeid med andre etatar før endeleg godkjenning etter barnehagelova har alltid vore praksis i Meland kommune.	Som over. I tillegg eksemplifisert vedlegg. 8 og 9.
	21. Vurderer kommunen leikeareal i bygning og uteområde?	Ja	Teikningar av barnehagen vert granska og synfaringar til barnehagen er obligatorisk før godkjenningar.	Vedlegg 6.
	22. Vurderer kommunen om barnehagen sine bygg og uteområde fremjar barn sine mogelegheiter for leik, livsutfalding og meningsfylt aktivitet ut frå alderen til barna?	Ja	Teikning av barnehagen vert granska og synfaringar til barnehagen er obligatorisk før godkjenningar.	Vedlegg 6.

	23. Inneheld kommunen sitt vedtak om godkjenning ei vurdering av om barnehagen er eigna ut frå formål og innhald §§ 1, 1a og 2?	Ja	Kommunen har tidlegare nytta statleg skjema på gamle godkjenningar. Ny praksis frå Drømmehagen si godkjenning.	Vedlegg 6 og 7.
	24. Vurderer kommunen om barnehagen sin plan for bemanning er forsvarleg i forhold til: a. Alder på barna? b. Opningstid? c. Samansetting av grupper?	Ja	Som over.	Vedlegg 6 og 7.
	25. Kontrollerer kommunen at barnehagen sin bemanningsplan samsvarer med krava til pedagogisk innhald?	Ja	Barnehageloven sitt krav til pedagogisk bemanning vert kontrollert. Skjøns messig vurdering vert og utført.	Vedlegg 6. Grunnlag for vurdering/kontroll som døme: Samanlikning med andre barnehagar, besøk i barnehagen, og vurdering av dei fysiske tilhøva i bygget. Møte og samtale med barnehagen. Årsplan gjev viktig informasjon om arbeidet.
	26. Kontrollerer kommunen at barnehagen har forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing?	Ja	Årsmelding vert kontrollert opp mot Barnehageloven sine krav.	Kommunen har ikkje hatt tilsyn direkte berre på dette området. Veiledning på regelsamling for eigar og leiinga i barnehagen er aktuelt.
Forskrift om politiattest § 4 anna ledd	27. Hentar kommunen inn politiattest frå ikkje-kommunal barnehageeigar og eigar sin familie før det vert gjort vedtak om	Ja	Dette er rutine. Kommunen har og hatt tilsyn i høve politiattest i alle barnehagane i denne perioden.	Vedlegg 13.

	godkjenning?		
	28. Vurderer kommunen avslag på godkjenning der politiattest ikkje tilfredsstillir lovkrava?		<p>Dette har ikkje vore relevant. Dersom barnehagen ikkje kan levere politiattest vil den/ dei det gjeld ikkje kunne arbeide i barnehagen. Evt. må stenging kunne vere sanksjonsmiddel jf. Forskrifta.</p>

Barnehagelova § 7	29. Kontrollerer kommunen at barnehagen sine vedtekter samsvarer med minimumskrava i lova?	Ja	Ved godkjenning må barnehagen sende inn vedtektene sine. Elles er dette noko ein gjennomgår som rutinesjekk.	
Barnehagelova § 11 jf. forskrift om familiebarnehagar	30. Er kommunen sitt vedtak om godkjenning av familiebarnehagar knytt til ei konkret organisering av familiebarnehagane?	Ja	Kommunen har no ei familiebarnehage med dobbel gruppe. I høve godkjenninga må barnehagen samarbeide med anna familiebarnehage eller med anna barnehage.	Vedlegg 7.
	31. Har kommunen rutine for å kontrollere at heimen som skal nyttast til familiebarnehage vert brukt som bustad?	Ja	Dersom rutine betyr at barnehagen får tilsyn etter miljøretta helse, og barnehagemynde så har vi rutine for dette. Det er ikkje eksplisitte skriftlege rutinar på dette.	
	32. Vert det i eventuelle godkjenningar av ubebudde heimar lagt vekt på heimlege kvalitetar?		Ikkje aktuelt	
	33. Kva type grupper er godkjende for ubebudde lokal?		Ikkje aktuelt	
	34. Har kommunen rutine for at familiebarnehagen har samarbeid med ein pedagog som skal gi rettleiing dersom ein assistent har det daglege ansvaret?		Ja. Den familiebarnehagen som er i kommune har utdanna barnehagelærar som eig og driv barnehagen.	
	35. Har kommunen avgrensing på at det kan være maksimalt 30 barn per barnehagelærar som gir pedagogisk rettleiing?		Ikkje relevant	

	36. Inneheld kommunen sitt vedtak om godkjenning ei vurdering av om familiebarnehagen er eigna som forsvarleg barnehagetilbod?		Godkjenninga er på skjema : Melding om godkjend familiebarnehageordning.	Sjå samlevedlegg 7, godkjenningar.
Sakshandsamings reglar Forvaltningslova §§ 23, 24, 25 og 27	37. Har kommunen gjort skriftlege vedtak på søknad om godkjenning er innvilga eller avslått?	Ja	På skjema frå staten. Drømmehagen har eget skriftleg saksframlegg i tillegg.	Vedlegg 6 og 7.
	38. Inneheld kommunen sitt vedtak om godkjenning og avslag på søknad informasjon om: a) Klage tilgang? b) Klagefrist? c) Klageinstans? d) Framgangsmåte ved klage? e) Opplysningar om høve til å sjå dokumentasjon i saka?	Ja	Som over.	

Dokument det vert vist til skal sendast inn saman med skjema.